



SØRGARDS BRUMMA

Stødig og rasetypisk hoppe

Prisvurdering:

40 000 kroner

Nordlandshest/lyngshest

Sølvsvart hoppe

Født: 2013

Far: Sørgards Bamse

Mor: Gryta Lyngs Maia

Sørgards Brumma er ei 4,5 år gamal sølvsvart hoppe. Ho har hatt eit føl. Far er Sørgards Bamse og mor Gryta Lyngs Maia. Morfar er 2. premiehingsten Høgmo Junior.

Hoppa har ikkje vore på utstilling, men er ei hoppe med godt preg, sterkbygd med jamn og god kropp. Føre, bra, velstilte bein med gode vinklar. Aktivt, godt skritt og ledig trav.

Brumma er ei positiv hoppe som er trygg på seg sjølv og reagerer lite på miljøfaktorar. Ho har vist god utvikling i treningsperioden, og er prøvd både i høge og låge drag. Er komfortabel i alle situasjonar, og vil bli ein god brukshest.. Har vore ridd i slutten av perioden, og er positiv til å ha rytter på ryggen. Fin framdrift.

Du finn stamtavle og utstillingsresutat for hesten på www.nhest.no.

Reg.nr.: 578002020153500

Eigar: Dagmar Vigdis Falkenstein, NAUSTDAL

Telefon: 95855066

Oppdrettar: Unni Saus og Frank Saus, VELFJORD

Visning

Sørgards Brumma vert presentert under visningsdag på Norsk fjordhestsenter. laurdag 16. 12. kl. 12.00.

Dersom nokon ønskjer å kjøpe hesten kan de ta kontakt med eigar eller Norsk Fjordhestsenter (Magni Hjertenes Flyum: 934 22 756). Alle bod som kjem inn før visingsdagen må stå til laurdag 16.12.17 kl 15.00.



Potensiale

Sørgards Brumma er ei sjølvstendig hoppe med gode brukseigenskapar. Ho har ein funksjonell, god kropp og vil fungere i dei fleste samanhengar. Eigenskapane hesten viser under trening viser eit potensiale til å bli ein god skule-/ terapihest. Det er starta innkøyring med vogn.

Kjøpar vil få nødvendig rettleiing på kva trening unghesten bør ha framover.

Utdanning

Hesten har delteke på eit pilotprosjekt for utvikling av unghestutdanning. Prosjektet vert gjennomført ved Norsk Fjordhestsenter hausten 2017 og vinteren 2018, og er eit samarbeid mellom senteret og raselaga for dei nasjonale hesterasane. Målet er å få fram salsklare unghestar.

Utdanningsperioden vert tilpassa kvar hest og alder, men følgjer eit kvalitetssikra utdanningsprogram som sikrar at ein får vurderte eigenskapane og evnene til hesten. Det vert sett individuelle mål for kvar hest. Desse varierer mellom anne med lynne og alder. Alle hestane skal innom følgjande utdanningsområde:

- Handtering
- Unghestløype
- Miljøtrening
- Trafikk
- Sosiale ferdigheiter
- Hovstell/ veterinær el.l.
- Bittrening
- Leietrening
- Mønstringstrening
- Lasting på og av hengar
- Line og lause drag
- Køyring*
- Riding*

**køyring og riding berre dersom dei er klare for det.*

Alle hestane har hatt veterinærsekk og hovstell i løpet av treningsperioden. Treningsdagbok vert gjort tilgjengeleg for interesserte under visningsdagen 16.12.

